



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2018

61. årgang



**I mørket ved vår side står han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om at Jesus, lysets Herre, kom.**

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@enivest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Jan Henrik Leknes. Tlf. 90874675. jan.henrik.leknes@icloud.com

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@enivest.net,

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@enivest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebookside.

Redaksjonen

Advents- og julenummeret startar med andakt og avskilsord frå soknepresten vår, Jens Linde, som rett over nyttår flyttar frå Gulen til Åmli i Aust-Agder. Vi takkar for alt han har gitt oss i desse åra, og ønskjer han lukke til på den nye arbeidsplassen.

No går vi inn i advents- og juletida. På nr. 18 i Norsk Salmebok står ein flott salme som markerer starten på det nye kyrkjeåret, som startar første søndag i advent. Andre verset står under biletet på framsida. Her finn du heile salmen:

*Mens frost og vintermørke rår,
begynner kirkens nye år,
og våre sinn skal være vendt
mot lyset som på jord er tent.*

*I mørket ved vår side står
han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om
at Jesus, lysets Herre, kom.*

*Han kommer stadig til oss inn
og lar oss se Guds milde sinn.
Vårt ønske ved den tente krans
er at vårt liv må være hans.*

*Når verden og dens tid forgår,
gryr evighetens kirkeår.
O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg.*

*T: Svein Ellingsen 1957/1971, fritt etter
Edvard Evers 1914. M: Johann Crüger 1640.*

God advents- og juletid! Nytt blad kjem i mars.

Innleveringsfrist: 20. februar.





Himmel på jord!

Kurt Nilsen synger i en av julesangene sine:

*Jeg snublet omkring i svarteste natten.
Da tente du stjernen med lys ifra deg.
Jeg følte meg ensom og tom og forlatt
da du viste du tenkte på meg.
Jeg hutret og frøs
da du gav meg din varme.
Du så vel at jorda var naken og kald.
Du lengtet til meg,
og du sendte meg barnet
og viste meg vei til en stall.
Himmel på jord, en nåde så stor.
Jeg er ikke alene her jeg bor.*

Dette er julens budskap i et nøtteskall: Du er ikke alene der du bor! Herren kommer julenatt for å ta bolig hos deg og vandre gjennom livet sammen med deg. I Joh.1,14 står det: *Ordet ble menneske og tok bolig iblant oss.* Boligen henviser til nomadefolkets telt. Nomadefolket vandrer med sine telt og dyr fra sted til sted. Boligen, teltet som Herren slår opp iblant oss, blir ikke stående fast på ett sted, men følger oss på vandringen gjennom livet. Herren har i julen visst oss at han tenker på oss og gir oss varme. Herren vil kle oss med nåde og barmhjertighet i sitt telt.

Julen handler om nåde og kjærlighet til ensomme mennesker som kjenner seg nakne og kalde. Ordet om at *alle som tar imot ham, dem gir han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn,* gjelder hvert eneste menneske.

Du er invitert inn i Guds bolig, inn i varmen hos Gud, inn i Guds kjærlighet, som vil gi deg fremtid og håp.

Tittelen på årets TV-aksjon var «*Mindre alene sammen*».

Julen er en spesiell tid for fellesskap og nærhet, der vi deler gaver og omsorg med hverandre, og det skapes fellesskap for mennesker som er alene. Gud skaper og gir fellesskap!

Gud lengter til oss. Han sender sin Sønn, Jesus Kristus, inn i denne verden for å skape fellesskap mellom seg og mennesker og mennesker imellom. Mennesket trenger varme!

Juleevangeliet om Jesu fødsel er den beste og tryggeste varmekilden mennesker kan få. Bare juleevangeliet kan varme kalde hjerter og frosne hender. Juleevangeliet er som en tiner som kan smelte all is og snø og skape vår og sommer i våre liv og hjerter. Frukten av juleevangeliet er mennesker som i nærværet hos barnet fra Betlehem, blomstrer og bærer frukt til ære for Gud og til glede for medmennesker. I en utrygg og kald verden trenger vi julens budskap om frelse og fred, dens fellesskap og dens gaver som aldri før. Herren har ikke noe større ønske enn ved sitt nærvær å gi julen din et ekte innhold med glede og fred som du kan leve på lenge, ja helt inn i evigheten!

Gledelig jul og velsignet godt nytt år!

Jens Linde



Soknepresten takker av

Når det blir avskjedsgudstjeneste 6. januar kl. 11.00 på Dalsøyra samfunnshus, er det på datoen 16 år siden jeg første gang begynte som sokneprest i Gulen. Med vel 3 ½ års opphold, der jeg var sokneprest i Høyland sokn i Sandnes i Rogland, har jeg gjort tjeneste i Gulen i til sammen 12 år og 3 måneder.

I 2003 var Gulen for meg helt ukjent område. Jeg hadde aldri vært i området tidligere, og kjente ikke et eneste menneske her. Men det forandret seg over tid. Gjennom årene har jeg blitt kjent med stort sett hver en krinkelkrok og de aller fleste gulingene.

Det er etter hvert ikke mange hus og hjem i kommunen som ikke jeg i årenes løp har besøkt eller hatt kontakt med i forbindelse med kirkelige handlinger.

Det har vært lærerike år som har modnet meg både som menneske og som prest. Når jeg 7. januar drar til

Åmli i Aust-Agder, bringer jeg med meg mye erfaring og lærdom som jeg kan dra nytte av, samtidig som det skal bli spennende å begynne på et nytt sted som har sin kultur og sine utfordringer. Og så gleder jeg meg selvsagt til å komme mye nærmere Danmark, som blir viktigere og viktigere for meg etter hvert som årene går.

Skal jeg fremheve noe jeg vil se tilbake på med glede og stolthet, er det bl.a. møtet med konfirmantene.

Nå kan jo konfirmantundervisningen være en skrekkblandet fryd.

Men ungdommene har gitt meg mye glede og mange gode opplevelser.

Å stå i koret i kirken og syng

«Som barn i ditt hus» sammen med konfirmantene, burde i grunnen alle få lov å oppleve, det er helt spesielt.

Jeg er også svært takknemlig for at folk melder tilbake at de har satt pris på måten jeg har gjennomført gudstjenester og kirkelige handlinger på. Responsen som har betydd mest for meg, fikk jeg etter en av radiogudstjenestene på NRK P1 i 2009, der en lytter sendte følgende mail til meg:

"Hørte på gudstjenesten din på radioen i dag mens jeg var på jobb som bussjåfør. Det var en veldig fin preken. Den passet i hvert fall meg 100 %. Og jeg trengte de ordene så til de grader. Føler meg nå mye "lettere" enn jeg har følt meg de siste månedene (mange, mange måneder). Ville bare si det til deg. 45 år og bussjåfør i Oslo - og en stor synder."

Når mennesker får en slik opplevelse og glede ved gudstjenesten, gir det dyp mening og glede å tjene som prest.

Jeg kunne ha skrevet mange sider om tiden i Gulen, om møter med enkeltmennesker og ulike grupper i alle samfunnslag, om møtet med menighetene i hverdag og fest, i glede og i sorg. Dette vil bli gjemt i minnens billedbok.

Nå gir jeg stafettpippen videre, og takker alle som èn for 12 år og 3 måneder i Gulen. Må Herren fortsatt velsigne menighetene i Gulen!

Jens Linde

Avslutningsgudsteneste for Jens Linde 6. januar

Jens Linde er tilsett som ny prest i Åmli, Agder. Han sluttar ved nyttår, og avslutningsgudstenesta blir på **Dalsøyra samfunnshus 6. januar kl. 11.00**. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi og høve til helsingar.

Jens har vore sokneprest i Gulen i to omgangar, den siste frå 2015. Han er ein gáverik person, og har tilført bygdene våre og kyrkja mykje, både gjennom forkynning, song og nærvær i sorg og glede. Vi håpar mange vil vere saman med oss denne dagen!

Jens ønskjer ikkje avskilsgåve. Men arbeidet som kyrkjelydane støttar i Mali, vert drive av ein god venn av han; Frode Brügger Sætre, så Jens ønskjer seg eit raust handslag til dette arbeidet. Offeret denne dagen går til misjonsarbeidet i Mali.



Jens prest i aksjon i Gulen kyrkje under ei førjulssamling for barnehageborn. 2017.

Vikarteneste og tilsetting av ny prest

Stillinga som sokneprest i Gulen blir lyst ut før jul, med sikte på tilsetting i Bispedømmerrådet i februar. Det er ikkje flust med søkjarar på prestestillingar, så viss du kjenner nokon, så er det berre å oppmuntre dei til å søkje, eller tipse oss på namn. Viss tilsetting skjer i februar, vil ny prest vere på plass til sommaren/august. I mellomtida vil tenesta bli delt mellom naboprestar og innleige:

Mjømna sokn: *Bjørn Magne Hansen* i Solund vil få ansvar for Mjømna sokn.

Gulen sokn: *Tone Marit Dyrkolbotn* i Masfjorden får ansvar for Gulen sokn.

Brekke sokn: Geir Sørebo får ansvar for Brekke sokn.

Konfirmantundervisninga vil delvis bli utført av *Bjørn Magne Hansen*, og *Helle Kartveit* vil bli med på konfirmantleiren på Alværa og på samtalegudstenesta. *Maren Daae Eide* fortset som før.



Misjonær Frode Brügger Sætre saman med vener i Mali

Informasjon frå misjonsarbeidet i Mali

«Kva har hendt med deg?»

I Mali er Det Norske Misjonsselskap éin av sju partnarar som samarbeider om å driva misjon blant fulanifolket. Fem av partnarane er afrikanske kyrkjer, to er norske. Her følgjer eit intervju med ein misjonær frå Nigeria, om eit ektepar som nyleg kom til tru på Jesus Kristus.

Korleis vart du kjend med dette ekteparet?

Eg var på besøk i nabobyen vår. Då eg gjekk på marknaden, helste eg på ein byfulani i 30-åra som reparerte mobiltelefonar. Då han hørte min nigerianske fulanidialekt, vart han nysgjerrig og stilte mange spørsmål, for å forstå kven eg er. Slik vart me kjende, og litt etter litt vart me vener. *Korleis byrja de å snakka saman om kristen tru?*

Den var min nye ven som spurte meg om religionen min, og eg sa at eg er kristen. Mannen hadde eit positivt inntrykk av kristne, men sa at han

aldri i sitt liv har høyrte om ein fulani som er kristen. Eg delte dette med ein av dei kristne fulaniane i kyrkjelyden vår, som så vart med meg på eit nytt besøk. Me prata mykje saman. Då forstod eg at min nye ven verkeleg ønskte å forstå meir om kristen tru, så eg delte evangeliet med han.

Kva sa du til han?

Eg fortalde at me som kristne kan vera trygge på at me vert frelste, sidan frelsa vår er avhengig av Jesus Kristus, og ikkje våre eigne gjerningar. Etter samtalen spurte min ven om forbøn. Ei tid etter fekk eg ein sms frå han der han spurte om å få bli med meg på gudsteneste. Då forstod eg at han verkeleg var interessert i kristen tru, og me byrja med systematisk bibelundervisning to gonger i veka. Mannen kom til tru, og rundt påsketid i år deltok han på den årlege samlinga for kristne fulaniar.

Korleis kom så kona til venen din til tru?

Kona visste ikkje om bibelundervisninga vår, for han hadde ikkje sagt noko om det. Men ho merka at han endra personlegdom. Ho kjente mannen sin som ein ganske hissig mann, som kunne kjefta ein del, vera utolmodig og også hard. No hadde han endra seg så mykje at ho byrja å lura på kva som skjedde. Då ho spurte han om det, opna han bibelen på fulani på smarttelefonen sin, og las Johannes 14,1-6 for henne. Kona hans spurte om han hadde vorte ein kristen. Mannen svarta at det hadde han. Kona sa då at dersom det var dette som

hadde endra livet hans, så ville ho også vera kristen. - Eg vil stå saman med deg, om det så fører oss til liv eller til død.

Etter dette ringte dei til meg, og nokre dagar seinare kom dei begge på besøk. No har me bibelundervisning for begge to.

Takk for at de er med å be for dette ekteparet i 30-åra, saman med misjonæren og den lokale kristne fulanien som evangeliserte for dei.

Dei bur i eit område av Mali der det kan vera farleg å koma til tru på Jesus. Parallelt med at situasjonen i landet vert vanskelegare, opplever misjonen at mange menneske er meir opne for evangeliet.

Frode Brügger Sætre, misjonær i Mali

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa 12. januar

«Den gode samtalen»

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misjonssenter **laurdag 12. januar 2019 kl. 10-16.**

Korleis kan vi i kyrkjelydane få meir plass for dialog og samtale?

Det er nok mange som under ei gudsteneste kunne hatt lyst til å stille spørsmål eller komme med eigne synspunkt til tekstane.

Har vi arenaer der ein kan dele erfaringar og støtte kvarandre i dei mange utfordringane i kvardagen?

I kva samanhengar kan dialogen få større plass i kyrkja?

Kva kjenneteiknar ein god samtale?

Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast

som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar.

I år vil sjukehusprest *Karl Hjelmeland* halde hovudinnleiinga. Han er oppteken av «den gode samtalen» og har variert erfaring frå sjømannskyrkja, Hyllestad kyrkjelyd og frå arbeid som skuleungdomsprest. Som vanleg blir det innspel til temaet frå fleire.



Sjukehusprest Karl Hjelmeland

Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen vert avslutta med ei gudsteneste leia av misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen kl.14.30. Deretter blir det kaffi og årsmøte for NMS i Ytre Sogn område.

Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerende dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn.

Meir informasjon kjem til å bli lagt ut på Alværa Misjonssenter si heimeside <http://alvera.no/>, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661.

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn



Mariahelg på Alværa misjonscenter 2019

1-3 mars 2019 blir det Mariahelg for damer i alle aldrar. Temaet for helga er «Vegen heim» - om tru og identitet i ulike livsfasar. Dei som skal lose oss gjennom temaet, er sokneprest i Jølster, *Silje Sørrebø* og psykologspesialist *Yngvild Sørrebø Danielsen*.


Salmekveldar

Ei forsongargruppe, leia av Bjarne Tveit, har i haust utarbeidd eit salmekveldprogram. Ei flott blanding av kjende og ukjende salmar frå den nye salmeboka, som dei har invitert kyrkjelyden med på å synge.



Forsongargruppa var sett saman av folk frå Brekke og Eivindvik, i godt samarbeid med organisten. Det vart ei stor kulturell oppleving! Bjarne Tveit batt programmet saman

ved å fortelje litt om kvar salme, kven som hadde komponert melodien eller skrive teksten.



Salmekvelden har vore i Gulen og Brekke kyrkjer, og til våren er det planen at dei også skal vere i Mjømna kyrkje.

50-årskonfirmantar i Brekke kyrkje 30/9-18

Me var 10 konfirmantar i Brekke sokn i 1968, fire gutar og seks jenter: Atle Ynnesdal, Rolf Breidvik, Geirmund Østerbø, Dag Tore Oppedal, Oddveig Sætre, Berit Hjartholm, Turid Asheim, Ester Instefjord, Kjersti Oppedal og Reidun Instefjord. Presten som konfirmerte oss, var Gunnar Selvik. Dag Tore Oppedal og Reidun Instefjord Lie er gått bort.

Helga 29.-30. september 2018 markerte me 50-årsjubileet. Det var berre fire av oss som hadde høve til å møtast denne helga, men me som var der, hadde ein koseleg laurdagskveld

der me mimra om skule- og konfirmasjonstida.



50-årsjubilantane i Brekke kyrkje. Frå v.: Turid Strømsnes, f. Asheim, Kjersti Nordstrand, f. Oppedal, Oddveig Knutsen, f. Sætre, og Ester Førsumd, f. Instefjord.

På søndag var me i kyrkja, og etterpå inviterte me to av lærarane våre, Anna Engesæter og Dordi Asheim til kaffi og prat. Då kom også Berit Hjartholm.

Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje 14.10.18



Søndag 14. oktober var det familiegudsteneste i Mjømna kyrkje ved Jens Linde. Det var òg hausttakkefest og utdeling av bøker til 4- og 6-åringane.



Haustmessa i Brekke bedehus 2018

Takk til alle som kom, og for alle gåvene me fekk til årets haustmesse. Overskotet kom på vel 40.000 kroner. Dette sikrar drifta av bedehuset gjennom året, med utgifter til straum, forsikring, kommunale avgifter m.m. Dersom ingen kjem eller støttar opp, er det lite vits i å lage messe, så tusen takk til kvar og ein for ulike bidrag. Takk òg til Skahjem bygg, for utlån av telt.

Brekke kr. ungdomslag v/Erna Kjelby

Barnekorhelga med Bjarte Leithaug



Det var skikkeleg kjekt å ha Bjarte Leithaug med på øving og konsert i Gulen kyrkje 8.-9. september. Isak Svaberg gjorde ein glimrande jobb på trommer, Harald Haugejorden på bass, og Peter Jobbagy på tangent.



Gulen lydlag stilte opp med Mats Stendal og Øystein Lihaug som teknikarar. Det må til om lyden skal bli proff!

Medan orkesteret spelte, vart det tid til litt leik også. Og pølser og saft.

- Og Benedek Jobbagy (under) vart ein ung Elvis!



Soknerådet takkar alle som stilte opp og hjelte til!

Soknemøte 2019

Det blir soknemøte etter gudstenesta:

17.02.19: Gulen kyrkje kl. 11.00.

24.02.19: Mjømna kyrkje kl. 11.00.

03.03: Brekke kyrkje kl. 16.00.



Plastkvalen og gravpynten

Gravplassane, avfall og gjenbruk

Fellesrådet har laga vedtekter for gravplassane. Der står det m.a. at det berre er lov å bruke materiale som kan gjenvinnast/komposterast. Det siste gjeld for plantar, kransar og liknande som vert brukt ved gravferder eller pynting av graver.

No er det tida for kransar på gravene. Kjøp kransar som ikkje inneheld isopor. Har du allereie kjøpt ein krans som er bygd på isopor, så fest han så godt at han ikkje blæs vekk.

Og så må du vere nøye med å ta han vekk og legge han i rett boss (plast) etter jul. Slik er du med og tek vare på miljøet. Alle har sett kor fælt det er med dyr og fisk som døyr, og magen er full av plast i staden for mat.

No er det er også tida for lys på gravene. Her er det fleire omsyn å ta. 1: Fest lyktene så dei ikkje blæs vekk, eller blir tekne av fuglar. Dei likar stearinen.

2: Viss de nyttar lykter med batteri, så MÅ de hugse å ta dei med heimatt når «sesongen» er slutt, og kaste batteriet som spesialavfall. Det gjeld også LED-lys.

Vi skulle svært gjerne ha kompostert avfall frå gravplassen. Men til no har det vore så dårleg sortering i boss-containerane at vi ikkje har sett oss råd med det. Kan vi hjelpe kvarandre å bli betre? Bossdunkane skal no vere godt merkte, så det bør vere mogeleg å legge plast i «plast», restavfall i «rest» og kompost i «bio».

- Takk til alle som pyntar graver og hjelper oss å halde gravplassane fine!



Kristne leiarar krev effektiv klimahandling

Artikkelen er skriven av Gunnar Kvåle, professor emeritus ved Universitetet i Bergen og styremedlem i «Besteforeldrasin klimaaksjon». Bjørgvin bispedømme sitt utval for klima, miljø og rettferd har tilrettelagt innlegget og sendt det ut til kyrkjelydsblada i bispedømmet.

28. juni skreiv 22 leiarar i kyrkje og kristenliv i Noreg ein kronikk i avisa Vårt Land om klima. Dei kjem med ein viktig bodskap om kva radikale endringar som må til, og dei skriv mellom anna: «Som klimapilegrimar

ynskjer vi å gjera oppbrot frå dei forbruksmønstra og politiske strukturane som skadar jorda».



Farlege klimaendringar

Dette er ei viktig utfordring til oss alle. Det store klimaalvoret – at vi som menneske kan vera i ferd med å øydeleggja eksistensgrunnlaget vårt – har vore kjent i mange tiår.

Dramatikken i klimaendringane gjev grunn til stor uro dersom vi ikkje greier å avgrensa den globale oppvarminga til under to grader, slik Parisavtalen krev.

Det handlar om at vi som i dag sit med politisk og personleg ansvar for ei aukande global oppvarming, no må gjera alt vi kan for å hindra at barneborna våre vil gå ei utrygg og farleg framtid i møte.

Heile Nord-Europa har nyleg opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Dette er truleg berre ein forsmak på det som kan skje om utviklinga held fram. Livsfarleg hete er ein av mange alvorlege konsekvensar for liv og helse. Ved ei global oppvarming på berre 1,5 grader kan fleire storbyar og mange hundre millionar fleire menneske bli utsette for farleg hete innan 2050.

Tid for ny politikk: CO₂ utsleppa må ned!

Klimagassutsleppa må raskt redusertast om vi skal kunna unngå store helseskader i mange delar av verda. Likevel lèt Noreg klimagassutsleppa få halda fram med å auka. Sidan 1990 har CO₂-utsleppa våre gått opp med 24 prosent, medan dei i Sverige, Tyskland, Danmark og Storbritannia i same perioden er reduserte med høvesvis 27, 31, 45 og 53 prosent. Som dei kristne leiarane peikar på, viser utrekningar at vi vil gå mot ei global oppvarming på rundt 3 grader, dersom andre land gjer som Noreg.

Politikarar i Noreg har lenge lova store kutt i klimagassutsleppa. Til denne tid har dei brote lovnadene. Det er på høg tid at det vert sett i verk tiltak som monar. Som leiarane skriv: «Litt betre enn verst, er ikkje godt nok!»

Eit kostnadseffektivt tiltak ville vera å redusera oljeproduksjonen og leggja vekk planane om ny oljeutvinning i Barentshavet. Det er ikkje mogeleg å bruka olje- og gassressursane i Arktis dersom den globale temperaturauken skal haldast under to grader. Dessutan vil desse resursane koma på marknaden fyrst om 10-20 år. Men då kan olje og gass ikkje lenger ha noka viktig rolle i energisystemet i verda.

Rike land har størst ansvar

Det er vi rike som ber hovudansvaret for å gjera det vi veit er naudsynt. Dersom dei rikaste 10 prosent i verda hadde kutta klimagassutsleppa sine

ned til gjennomsnittleg EU-nivå, ville globale klimagassutslepp bli reduserte med rundt ein tredel. Dette viser kor mykje det betyr om vi rike legg om forbruksvanane våre, slik dei kristne leiarane ber oss om.

Verdas naturfond, WWF, melder at ressursane på jorda som burde vara ut 2018, allereie 1. august i år var oppbrukte. I år kom denne dagen tidlegare enn nokon gong før. Dette viser at vi kvart år bruker mykje meir enn jorda kan tola. Ved ein livsstil som ikkje er berekraftig, bidreg vi til skade både for fattige som lever i dag, og for dei som skal ta over etter oss her heime. Vi har difor eit moralsk ansvar for å føra ein berekraftig livstil.

Nokon må gå føre

Mange har peika kor viktig det er at nokon går føre. Eksempelets makt er undervurdert av dei som seier at det betyr lite kva eg som einskildperson gjer.

Sitatet frå Mahatma Gandhi - "Du må vera den forandringa du vil sjå i verda" - er ei viktig påminning om kva ansvar vi har. Kanskje ein start kunne vera å avstå frå neste flytur? Vi veit at å reisa med fly er noko av det verste ein kan gjera for å auka den globale oppvarminga. For å redusera denne svært klimaskadelege reisemåten må det politisk leggjast betre til rette for at det vert billigare og meir lettvinnt å bruka andre reisemåtar.

Endring i eigen livsstil og arbeid for ein ny klimapolitikk må gå hand i hand. Nokon må gå føre, anten det

gjeld individuelle handlingar eller ny politikk. Slik kan vi alle bidra til eit betre liv for barneborna våre og andre som kjem etter oss. Då kan òg skadane vi påfører fattige som lever i dag, bli mindre.

Gunnar Kvåle



Skal vi endre på sokneråda?

Dette er eitt av spørsmåla som blir diskuterte i samband med revideringa av planen for Kyrkja i Gulen (sjå førre Kyrkjelydsblad).

I dag har den lokale kyrkja tre sokneråd (Brekke, Mjømna og Gulen) og eit fellelråd. Alle råda er lovpålagde. Alle sokneråda har 6 folkevalde + presten, og i fellelrådet sit to frå kvart sokneråd, presten og ein representant for kommunen (formannskapet).

På ein del stader har ein valt å samle alle råda til eitt felles sokneråd, samt utvide med kommunen sin representant når det er «fellelrådssaker».

Mellom anna har Masfjorden vedteke ein slik modell.

I dei diskusjonane sokneråda i Gulen har hatt til no, så er det liten lyst til å legge ned sokneråda og berre ha eitt sokneråd for heile Gulen. Sokneråda

meiner det lokale engasjementet og eigarskapet vil tape på det, og kanskje på sikt forsvinne.

Men der er også ting som talar for ei større samordning, som for eksempel møtebelastninga både på folkevalde og tilsette, og den administrasjonen som følgjer med fire råd i staden for eitt. Derfor ser sokneråda her på ein annan modell.

«Aurlandsmodellen»

Modellen sokneråda her har sett på, har vi kalla «Aurlandsmodellen», fordi dei i Aurland har prøvd han ut over fleire år, med godt resultat:

- * Vi beheld sokneråda og har eigne val i kvart sokn.
 - * Dei to som får flest røyster i kvart sokn, blir medlemmer i eit felles kyrkjestyre for Gulen.
 - * Kyrkjestyret får ansvar for alle saker som er av formell art, inklusive dei sakene som i dag ligg til Fellestrådet.
 - * Alle som stod på vallista til soknerådet, utgjer eit sokneutval.
 - * Sokneutvalet si oppgåve blir å vere aktive medhjelparar i kyrkjeleg arbeid i soknet, som kyrkjekaffi, barne- og ungdomsarbeid, planlegging av spesielle arrangement o.l.
- Dette er arbeid som dagens sokneråd har. Men sokneutvala slepp å ta stilling til alle formelle saker, høyringar og den typen saker som det har vore heller mange av i seinare tid.
- * Sidan to frå kvart sokn blir medlemmer i kyrkjestyret, vil kontakten med lokalsoknet bli teken vare på, og

sokneutvalet kan bli høyrte i saker som t.d. omhandlar deira kyrkje.

*Det at vi har denne ordninga, med eigne sokn og val i desse, gjer at alle dagens sokn er sikra plass i kyrkjestyret.

* For prest og kyrkjeevjerje vil dette bety mindre bruk av tid i møte. Ein vil berre vere med på sokneutvalsmøta dersom der er særlege grunnar til det.

Samtidig med at sokneråda diskuterer denne saka, er dei i gang med å spørje folk om å stille på vallistene til nye sokneråd.

Soknerådsvalet er same dag som valet til kommunestyret, 9. september 2019. Lista skal vere klar innan utgangen av mars. Denne saka må altså vere avgjort i god tid før det.

Høyringsfristen på Plan for kyrkja i Gulen er 31.12.18.

Meld gjerne inn før. Vi er glade om folk har meiningar om kva kyrkja skal drive med i Gulen. Og har du meininger om organiseringa ovanfor, så send dei inn til oss!

Sokneråda gjev si tilråding 31.januar, og saka blir endeleg avgjort på sokneutvalsmøta i februar.





Julekonsert i Brekke

Julekonserten i Brekke kyrkje blir laurdag 15.12. kl. 16.00.

Julekonsert i Mjømna

Julekonserten i Mjømna kyrkje blir søndag 16.12. kl. 16.30.

Fotoet er frå fjorårets konsert.



Julekonserten i Gulen

som i førre nr. av bladet blei annonsert til laurdag 8. desember kl.16.00, er **avlyst**. I staden samlar vi oss om julekonserten til **Sigrid Moldestad, VINTERSONG**.



Konsert i Gulen kyrkje søndag 16.12. kl. 19.00

Her får vi klangar frå nordisk tradisjon, salmar og julesongar, nyckelharpe, hardingfele og orgel - tonar som varmar i mørketida.

Saman med Sigrid Moldestad og hennar mangeårige samarbeidsmusikar Sigbjørn Apeland (orgel/ trø-orgel) medverkar duoen Hazelius/Hedin, som er blant dei største svenske folkemusikarane, kjende for sine inderlege songar og sitt svingande strengebaserte spel.

Billettar kan kjøpast på *Nordic Live* (eller ved inngangen).

Pris: 350/290 kr.

Konsert i Gulen kyrkje 19. januar 2019

Laurdag 19. januar blir det konsert i Gulen kyrkje ved Lucy Savchenko (organist i Solund) og Julia Gåsvær (trompet). Sjå oppslag.



Juletreffest i Brekke bedehus

Det blir juletreffest i Brekke bedehus
**3. juledag, torsdag 27. desember,
kl. 16.00.**

God mat på store fat, juletrengang og
mykje sang.

Alle er velkomne!

Brekke kristelege ungdomslag

Konfirmantfest i Brekke 2019

Det blir konfirmantfest i **Brekke
bedehus 20. januar 2019 kl. 15.00.**
med familiegudsteneste og kakebord.
Alle velkomne!

*Brekke kristelege ungdomslag i sam-
arbeid med kyrkja*



Frå fjorårets konfirmantfest i Brekke.
Konfirmantane oppstilte ved det rik-
haldige kakebordet. Erna Kjelby bakar
kvart år ei stor «temakake». Korleis årets
temakake blir, veit ingen, - endå!

Trusopplærings- aktivitetar etter jul:

20. januar: Konfirmantfest for
Brekke sokn på bedehuset.

10. mars: Felles gudsteneste på Fjon
fjellkyrkje som avslutning på Ung-
domshelg for Nordhordland prosti.

15.-17. mars: Konfirmanthelg på
Alværa, som avsluttar med felles
samtalegudsteneste i Gulen kyrkje på
søndag kl. 14.00

24. mars: Tårnagentsamling i
Mjømna kyrkje. Alle 8-10-åringar i
soknet er inviterte til ei kjekk samling
i kyrkja frå kl.11.00 denne dagen. Så
avsluttar vi med gudsteneste kl.16.30.
Det kjem invitasjon når det nærmar
seg.

29.-31.mars: Minikonfirmantleir på
Alværa. Før det vert det eit par
samlingar på Dalsøyra og i Eivindvik
for dei som vil vere med.

30. mai: Barnas Misjonsdag, med
Misjonstivoli, på Byrknes bedehus

«Nyttårstrall», Byrknes

På grunn av ominnreiing på kjøkkenet
på Byrknes bedehus vart den vanlege
haustfesten i år utsett.

Men no blir det fest, og sidan vi då er
komne til januar, kallar soknerådet det
for «Nyttårstrall».

Alle er velkomne til ei hyggeleg stund
på **Byrknes bedehus fredag 25.01.19
kl. 18.30.**

Det vert som vanleg god mat, tale og
flott underhaldning.



Sogn og Fjordane teater i Gulen kyrkje 10.04.19

I to år på rad har Sogn og Fjordane Teater vist *Miriam si forteljing – jule-evangeliet* i kyrkjer omkring i fylket.

No kjem *Maria Magdalena – Jesu virke*, nummer to i trilogien om Jesus. Håvard Rem står bak teksten, Marit Østby har regien, og vi får følgje den einslege stemma til Reidun Melvær Berge i denne monologen.

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten.

Historia om Jesus blir fortalt gjennom kvinnene rundt han.

I *Jesu virke* er ordet gitt til Maria, ho som hadde tilnamnet Magdalena og som «sju vonde ånder hadde fare ut av».

Ho fortel at Jesus redda henne frå galenskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han.

Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følgjet hans togar inn i Jerusalem.

Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå

han vart døypt av døyparen Johannes, og om påskeveka.

Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men òg nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen.

I følgjet til Jesus var det fleire kvinner, mange av dei redda frå vonde ånder og sjukdom.

Dei hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet saman med disiplane, og dei risikerte livet ved å reise rundt og misjonere.

Forfattar Håvard Rem ønskjer at publikum skal sjå på historia med dagens auge:

«Det vi i dag forstår som traume og psykiatri, blei den gongen sett på som vonde ånder. For meg som vaks opp i pinsemisjonen, er ikkje det så fjernt. På 60- og 70-talet dreiv dei framleis på med demonutdriving, og av ein eller annan grunn var det ofte kvinnene som var gjenstand for utdrivinga.»



Takk

Ei stor og varm takk for medkjensle, helsingar og minnegåver i høve Lyder Severin Gulbrandsens bortgang.

Valborg

Kjersti og Stig med familiar

Tusen takk

Tusen takk for all omtanke, deltaking og blomsterhelsingar i samband med gravferda til min kjære mann, Håkon Hilmar Kvamsdal. Ei varm takk til heimesjukepleien for god omsorg og pleie.

Helsing Karen med familie

Hjarteleg takk

Vi vil med dette takke alle som var med oss i kyrkja ved Olav Ingolf Ånneland sin bisettelse.

Takk for alle blomsterhelsingar, og for pengegåvar til kreftforskinga ved Haukeland sjukehus.

Odd Ånneland m/fam. og Karoline Haugen m/fam.

Hjarteleg takk

for helsingar, blomar og minnegåve til Stiftelsen Norsk Luftambulans , ved vår kjære Harald Halland sin bortgang.

Astrid Halland m. familie

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

14.10.18: Emil Johannes Winther Høydal. For.: Silje Helene Winther og Eirik Magnar Høydal. Døypt i Stjørdal.

04.11.18: Oskar Skutvik. For.: Sandra Sofi og Peter Skutvik.

04.11.18: Mathias Midtun Eidnes. For.: Anette Haveland Midtun og Dag Olav Eidnes.

MJØMNA SOKN:

04.11.18: Leah Aurora Kvernøy Strand. For.: Signhild Kvernøy og Pål Kristian Ryland Strand.

Vigde:

MJØMNA SOKN:

25.08.18: Ingrid Mongstad og Andreas Kvåle Myksvoll.

BREKKE SOKN:

08.09.18: Nina Merete Langøy og Anders Eide.

Døde:

GULEN SOKN:

06.05.18: Solfrid Bergljot Oppedal, f. 1932. Urnedsetting.

06.05.18: Oddvar Kjell Korneliusen, f. 1940. Urnedsetting.

04.09.18: Håkon Hilmar Kvamsdal, f. 1927.

17.09.18: Elias Oliver Haveland, f. 1923.

22.09.18: Ester Kjellevold, f. 1928.

01.10.18: Anny Dorte Sognefest, f. 1943. Urnedsetting.

03.10.18: Annbjørg Oddny Juvik, f. 1941.

15.11.18: Johan Søreide, f. 1949.

15.11.18: Oddny Kari Bjørøy, f. 1935.

18.11.18: Solbjørg Klara Michaelsen, f. 1942.

BREKKE SOKN:

22.10.18: Kristina Instefjord, f. 1926.

06.11.18: Audun Haugland, f. 1943.

17.11.18: Gunnhild Engesæter, f. 1926

MJØMNA SOKN:

24.09.18: Liv Kari Ness, f. 1945.

23.09.18: Borgny Baarøy, f. 1937.

Adventsgudstenester på bu- og omsorgssentra og på sjukeheimen

4. helga i advent vert det nattverdsgudstenester på bu- og omsorgssentra og på sjukeheimen ved Jens Linde. Pårørande og andre er hjarteleg velkomne til å delta. Tidspunkta vert slik:

Fredag 21. desember kl. 15.30:

Eivindvik bu- og omsorgssenter.

Laurdag 22. desember kl. 11.00:

Dalsøyra Bu- og omsorgssenter.

Laurdag 22. desember kl. 15.30:

Byrknes Bu- og omsorgssenter.

Sundag 23. desember kl. 11.00: Gulen sjukeheim i Eivindvik.

Sundag 23. desember kl. 15.30: Brekke Bu- og omsorgssenter.

Kyrkjekalenderen



09.12., 2. søndag i advent

Risnehall, Brekke

kl. 13.00: Adventsverkstad.

kl. 15.30: Familiegudsteneste v/Jens Linde.

Laurdag 15.12.

Brekke kyrkje kl. 16.00:

Julekonsert. Offer: Eige arbeid.

16.12., 3. søndag i advent:

Mjømna kyrkje kl. 16.30:

Julekonsert. Offer: Kyrkjelyden.

16.12., 3. søndag i advent:

Gulen kyrkje kl. 19.00: Vintersong,

Konsert med Sigrid Moldestad, Esbjørn Hazelius, Johan Hedin og Sigbjørn Apeland. Inngangsbillett.

24.12., Julaftan: Familiegudsteneste v/Jens Linde. Offer: Kirkens Nødhjelp.

Mjømna kyrkje kl. 11.00

Brekke kyrkje kl. 14.00

Gulen kyrkje kl. 16.00

25.12., 1. juledag

Gulen kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste v/Jens Linde. Nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

26.12., 2. juledag/Stefanusdagen

Byrknes bedehuskapell kl. 11.00:

Høgtidsgudsteneste v/Jens Linde.

Nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

30.12.: Ikkje gudsteneste i kommunen

31.12.: Nyttårsaftan

Brekke kyrkje kl. 23.00:

Midnattsgudsteneste v/Jens Linde.

Offer: Redd Barna.

06.01, Kristi openberringsdag

Dalsøyra samfunnshus kl. 11.00:

Avskjedsgudsteneste v/Jens Linde og Helge Taranrød. Offer: Misjonærprosjektet i Mali.

13.01., 2. søndag i openberringstida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn

Magne Hansen. Offer:

Laurdag 19.01.,

Gulen kyrkje: Konsert med Lucy Savchenko (organist i Solund) og Julia Gåsvær (trompet). Sjå oppslag.

20.01., 3. søndag i openberringstida

Brekke bedehus kl. 15.00: Guds-

teneste v/Geir Sørebo. Konfirmantfest

Offer: Brekke kr. ungdomslag/eige arb.

Fredag 25.01: «Nyttårstrall»

Byrknes bedehus kl. 18.30.

27.01., 4.søndag i openberringstida

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Offer: Eige arbeid.

03.02., 5. søndag i openberringstida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn

Magne Hansen. Offer.

10.02., 6. søndag i openberringstida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Geir Sørebo.

Offer: Norges kr. student- og ungdomsskulelag.

17.02., Sámannssøndag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Offer: Kirkens SOS.

Soknemøte.

24.02., Kristi forklaringsdag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn

Magne Hansen. Offer. Soknemøte.

03.03., Fastelavnssøndag

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Geir Sørebo.

Offer: Sprell levande/ søndagsskulen, Bergen krins. Soknemøte.

10.03., 1. søndag i fastetida

Fjon fjellkyrkje kl. 12.00.

Fellesgudsteneste.

17.03., 2. søndag i fastetida

Gulen kyrkje kl. 14.00.

Samtalegudsteneste v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Offer: Sundagsskulen.

24.03., Maria bodskapsdag

Mjømna kyrkje kl. 16.30 v/Peter, Hans

Kenneth og Wilco. Tårnagentar.

Sjå oppslag.

31.03., 3. søndag i fastetida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Geir Sørebo.

Offer: Kirkens SOS.

07.04., 4. søndag i fastetida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit

Dyrkolbotn. Offer: KFUK/KFUM

10.04. Gulen kyrkje: Sogn og Fj.

Teater kjem med teterstykket «Maria

Magdalena». Sjå oppslag.

14.04., Palmesøndag

Byrknes bedehus kl. 15.30:

Familiegudsteneste v/Bjørn Magne

Hansen.

18.04., Skjærtorsdag

Gulen kyrkje kl. 19.00

Offer: Alværa misjonssenter.

19.04., Langfredag

Brekke kyrkje kl. 11.00

Ikkje offer.

21.04., Påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00

Offer: Eige arbeid.

21.04., Påskedag

Brekke kyrkje kl. 19.30

Offer: Eige arbeid. Kveldsmat på

bedehuset etter gudstenesta.

22.04., 2. påskedag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 . Offer.

NB!!!

På grunn av vikarsituasjonen i påvente av at ny prest er på plass, så er ikkje alle opplysningar heilt i boks enno.

Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.